

Manisk depressiv psykiater

«Galskapsprosjektet» er skrive av Jarl Flaaten Bjørk. «Illusjonsbrot» er både tema og form for dramateksten, som handlar om manusforfattaren sin erfaring av å ha ein far som var psykiater – og manisk depressiv.


**Fiksjonen bryt saman**

I «Galskapsprosjektet» bryt fiksjonen saman når «pappa» mister grepet om røynda. I dette bokessayet latar vi som om Flaaten Bjørk sin dramatekst er gitt ut i bokform.



Fiksjonen frå første halvdel av skuespillet var så innsiktsfull at

Galskapsprosjektet



Kvar fredag presenterer norske forfattarar og litteraturvitarar ein utvald forfattar



GOD BOK

Galskapsprosjektet

Jarl Flaaten Bjørk
«Bootleg (2010)»

**På første side**

av «Livlegens Besøk» avslørar P.O. Enquist korleis det går. Gaute Heivoll fortel tidleg namnet på *pyromanen* i «Før jeg brenner ned». På same sett blir ei kontraintuitiv og transcerende visjon gitt på første sida av «Galskapsprosjektet»: Jeg har nemlig en kosmisk kraft i meg Eller sagt på ein annan måte: «Jeg er sønnen til den første nordmannen som snakket om 'New Age'». Dette er ein biografisk informasjon som forfattar Jarl Flaaten Bjørk gir oss i tredje replikk. Slik «avslørar han mordaren på side ein». Spørsmåla ein som lesar stiller seg, blir desse: Kva kan forfattaren skrive no, som held spenninga oppe? Finn han andre

«Ein er aldri heilt sikker på om ein er lesar, sjåar, eller noko heilt anna»

måtar å bygge suspens og sikre at lesaren hald fram med å bla. Kva skal lesaren no finne ut av? Svara: Jarl veit vel at det ikkje blir meir «spennande» enn menn som trur dei kjem frå Mars. Forfattaren går ikkje ut for å bygge ei gåte som vi skal løyse, men utforskar dei relasjonelle implikasjonane av galskopen. Jarl overfører kjensler

frå teksten til lesaren. Eg får ein genuin oppleving av korleis det var å vokse opp med ein uføreseieleg far.

I ei scenetilvising, reiser regissøren («Jarl») seg frå teknikaren sitt bord, og bryt inn i fiksjonen som han sjølv har konstruert. I fiksjonen vekslar «Morten», «Gisle» og «Pappa» på roller som «foreldre» eller «venner» for kvarandre. Replikkar frå den andre sida av manuset summerer det opp for meg:

Gisle: Eg kan ikkje vere med deg heim i dag. Men du klarar vel å vere aleine med far din?

Dei er kompliserte og realistiske karakterar. Det må vere det, for å rettferdiggjere at «regissøren» «Jarl» skal bli så rørt at han blandar seg inn i dramastykket sitt. Når dette skjer, byttar karakterane namn frå «Gisle» eller «Pappa», til «Jarl». Akkurat som det står på omslaget av boka. Men på omslaget er det ikkje hermeteikn rundt namnet. Men kan eg stole på at teksten er skrive av Jarl, og bare han? Teksten ser ut som om den er eit prosessarbeid jobba fram gjennom workshops. Men jau då, Jarl Flaaten Bjørk har skrive teksten sjølv, i eit konsentrert einerom.

Tekstforfattaren latar som om han har laga teksten i ein prosess, og i samarbeid med «kompaniet». Omslagsdesignaren til *Bootlegs Dramaserier* har ein tilgjord lo-fi produksjonsmåte. Museum og andre konserverande agentar blir satsa på. Men kva med å konservere meir av tekstar som blir

skrive for små teater? spør forleggjaren frå *Bootlegs* i forordet, og siterer IdaLou Larsen i eit innslag på NRK Scenerom i vår. IdaLou etterlyste større løyvingar til dei fri teatra. Men i forslaget til statsbudsjett for 2011, er løyvingane til dei største institusjonane auka.

Og eg, som forfattar dette essayet, eg latar som «Bootlegs Dramaserier» har gitt ut boka «Galskapsprosjektet». «Boka» blir som ein karakter i eit drama. Dette spelet kan gjere deg, som lesar er, forvirra og usikker. Den usikkerheita kan likne på usikkerheita som publikum erfarer når dei ser stykket GP, og som eg kjenner når eg les manuset GP. Grunnen til at eg har manuset, er fordi vi fekk det som ein del av pensum på dramatikarutdanninga som eg tar. Vi er privilegerte. Om det ikkje var for dette bokessayet, ville ikkje du fått del i verket til Flaaten Bjørk. Her er eit samandrag av historia:

Første scene: «Jarl» (regissøren) ønskjer velkommen til «Galskapsprosjektet», med denne replikken:

(...) *Selv om Pappa var diagnostisert psykisk syk, så tenkte jeg ikke så mye på det. Jeg tenkte først og fremst på at Pappa var Pappa, bare Pappa, en fantastisk Pappa som lekte med oss, (...)* (s. 1)

Den andre scena er om «Morten» (som spelar Jarl), og kompisens hans «Gisle». Den tredje scena er om «Morten» (Jarl som barn) og «Pappa». I den tredje og fjerde scena er «Morten» (Jarl) igjen i lag med kompisens.

Ved sjuande scenebytte, er det at sjåaren/ lesaren sjølv får kjenne uroa på kroppen: Når «Jarl» bryt inn og skapar uvisse omkring rollene, lurar eg på kven «Jarl» prøver å trøyste. Bør teksten/ stykket halde fram, skal ein halde fram med denne kunstferdige framstillinga av

galskap, eller skal ein legge alt rollespel til sida, og snakke i klårtekst? Det er til slutt «Kenneth» som gjer det:

Morten (spelt av Kenneth): Så fantastisk, pappa. Jarl: Mer innlevelse./ Du tror på han. Kenneth (han som spelar «Morten»): Nei. Jarl: Jo, du gjør det. Kenneth: Nei. Her har du en fyr som har en diagnose, han er psykiatrisk pasient. Jarl opp på scenen til Kenneth. Jarl: Nei, nei, nei Kenneth. Det er ikke det det her dreier seg om. Kenneth: Det er akkurat det det dreier seg om/ Her har du en far som sviktar sin sønn./ Enkelt og greit.

Faren er kompis og «Gisle» far. Eg lærer mest om «Pappa» gjennom dynamikken mellom «Morten» og «Gisle»:

Morten: Ikke gå Gisle: Han er faren din.

For ordens skuld: Det er to sett



Mette Karstvik er forfattar.

Resirkulerte klassikarar

Frå 2002 til 2009 blei det bare gitt ut 17 bøker med barne- og ungdomsdramatikk. I eit essay i «Barnebokkritikk», skildrar litteraturvitar og bokmeldar Petra Helgsen (bilde) eit barne- og ungdomsteater som resirkulerer klassikarar heller enn å skrive, eller få skrive, nye stykke.



Kunst og galskap

Jarl Flaaten Bjørk (1975) er utdanna skodespelar frå Akademi for Scenekunst ved Høgskolen i Østfold, og er regissør og manusforfattar og frontfigur i Flaatenbjørk kompani. På måndag snakkar han kunst og galskap i NRK Puls.

eg sørga då illusjonen blei brote, skriv Mette Karlsvik.



sin og «Gisle», er empatisk, klok, med innleving. Forfattaren sympatiserar med «Pappa», «Gisle» og «Morten». Antipatien? Det er ikkje så mykje å finne av antipati. Det nærmaste eg kjem, er kanskje ein skepsis til kunst- en, gjennom eit litt mindre flatterande portrett av «skodespelaren»:

Når «Pappa» får angst (i form av manisk depresjon/ sceneskrekk), så blir skodespelaren frustrert. Skodespelaren vil at førestellinga skal halde fram. Mens «Pappa» går av scena, improviserar «Kenneth» mikro-drama. Han er jo ikkje sjuk. Han vil halde fram. Han klarar det. Den jordnære og nære lysmannen «Kristjan» (spelt av Kristjan) blir til slutt den som slår av scenelysa, og sørger for at spelet sluttar:

Kenneth: Jeg har en tolvpunktsmetode for å bli kvitt din scene-skrekk. Og om vi skal komme oss videre med forestillingen så ... Kristjan: Det er ikke forestillingen som er det viktigste akkurat nå, Kenneth.

Kunst og liv møtte kvarandre då dramatikarklassen min og eg såg GP på Dramatikarkens Hus. Etter stykket snakka vi med Jarl om sceneløysingar, dramatiseringa, om korleis det fungerte i rommet. Tilfeldigvis hadde også to framande publikummarar blitt att då dei andre drog. Ei av kvinnene sa:

– Vi trudde at det handla om manisk depresjon, og blei forvirra då det plutseleg handla om sceneskrekk.

Kvinnene gjorde diskusjonen tematisk. Den språklege og kunsttekniske samtalen blei sett på pause. Eg tenkte: *det er ikkje kunsten som er det viktigste akkurat no.* Det må ikkje vere anten eller. Er «Galskapsprosjektet» ein type samfunnskritisk kunst? Sett bort frå den vanlege kritikken mot eit sosialdemokrati som sviktar, mot eit helsevesen som ikkje fangar opp alle som treng hjelp, og misforståelsen over at norske familiar er gode nok og kan fungere som sosial tryggleik for alle? Fordi eg ikkje har svar, leier eg, i skrivande stund, etter kontekst til GP på internett. Eg finn denne, gamle «tweeten» signert Jarl Flaaten Bjørk: *Vildanden på Blackbox eller ferie i Madrid? (...)*

Er det best å vere i fiksjonen eller i røynda? Fiksjonen frå den første halvdel av «Galskapsprosjektet» var så innsiktsfull, moden og god, at eg sørga då illusjonen blei brote. Eg håpte at skodespelarane «Kenneth» og «Anders» blei til karakterane «Morten» og «Gisle» igjen. Eg ville tilbake til det konstruerte og stiliserte, men dystert realistiske eventyret. Kor ville eg henne då, eigentleg?

av roller i teksten. I den første halvdel av den, følgjer vi «Pappa» (far til Jarl), «Morten» (sonen/ den iscenesette Jarl), og «Gisle» (den iscenesette kompi-sen). Etter vendepunktet/ illusjonsbrotet følgjer vi «Jarl» (regissøren av stykket), «Kenneth» (han som spelar «Morten»), «Anders» (han som spelar «Gisle»), og «Kristjan» (lydman-nen).

Fikst? Tja, i mange andre saman-hengar ville eg kalla det «på-funnsaktig». Men i denne teksten, og for denne tematikken passar det. Kanskje kunne det ikkje ha vore på ein annan måte:

Barn av psykisk sjuke foreldre kan sette sine egne omsyn til sida. «Jarl» hjelper «Pappa» med å halde fram. Så hjelper han «Morten», altså barneutgåva av seg sjølv: *Jarl setter seg ned ved senga til Morten. Begynner å stryke han ømt over håret. Jarl ber Anders (som spelar «Pappa», red anm) prøve.*

Men «Pappa»/ «Anders» har fått sceneskrekk, og går av scena. Samanbrotet skjer også i

teksten: «Pappa» kjem inn og sett seg på sengekanten til Morten, og vil snakke:

Morten: Så bra Pappa/ Men du, jeg ligger og sover akkurat nå ...

Pappa: Ja, ikke sant./ Og snart får jeg legelisen tilbake, og da blir alt som det var før. (s. 8)

«Replikk» er latinsk for «svar». Men «Pappa» sin replikk svarar ikkje til «Morten» sin replikk. Den dramatiske grammatikken raknar. Det blir også eit språkleg misførehold mellom «Morten» og «Gisle». «Morten» kjenner på eit kjenslemessig trykk, og kan ikkje artikulere dei. «Gisle», som kjem frå «vanlege foreldre», seier:

«Jeg tror jeg bare står her og stirrer ut i nattet mørket jeg./ Det er så deilig å bare åpne hodet liksom. Jeg greier ikke puste ellers jeg. (Pause) Hjemme hos mamma er det mye mas og greier, det dreier seg mest om å vaske og rydde opp og alle de tingene der,

men hjemme hos Pappa, der er det bare sånn stress, skjønner du eller? (Gisle ser på Morten) Ja nei, jeg hadde mye heller vaska og rydda hjemme hos han om jeg bare ... for å slippe alt det stresset. Det er sånn følelsesmessige greier. Jeg blir bare så utrygg av å være der./ Skjønner du?» «Morten» svarar ikkje.

Lars Amund Vaage skal ha gitt seg sjølv ei «nesten umuleg oppgåve» då han skildra «galskap innanfrå» i den siste romanen sin. «Skugge og dronning» handlar om ei psykisk sjuk jente, og mor hennar. GP handlar mykje om redsla for å ha arva galskap. Det er eit urovekkjande prosjekt, kor ein som lesar eller sjår aldri er heilt sikker på om ein er lesar, sjår, eller noko heilt anna.

Jarl skriv om seg sjølv gjennom å portrettere den avdøde far sin. Når Karl Ove Knasugård skriv om seg sjølv gjennom å skildre far sin, så blir det mellom anna sagt at «Det handlar ikkje om kva livshistorie ein skriv, men på kva måte ein skriv og tenker om det». Måten Jarl skriv om far

FLEIRE ROLLER:

Kenneth Homstad (t.v.) og Anders Rummelhoff spelar fleire roller i stykket «Galskapsprosjektet». Dei fikse løysningane i stykket passar godt til tematikken, skriv Mette Karlsvik.

FOTO: TANJA STEEN